

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep.  
0032 OSLO

Dato: 13.09.2019  
Deres ref.: 19/3216  
Vår ref.: 2019/7846 KJERSTRU

## Høring - forslag om endringer i forskrift om opptak til høgre utdanning

Universitetet i Oslo (UiO) viser til brev frå Kunnskapsdepartementet 28. juni 2019 med forslag om endringer i forskrift om opptak til høgre utdanning (opptaksforskrifta). UiO har desse kommentarane til høyringa:

### Til kapittel 2. Generell studiekompetanse

#### § 2-2 Utanlandsk utdanning

UiO støttar dei foreslåtte endringane til norskkravet.

### Til kapittel 3. Unntak frå krav om generell studiekompetanse

UiO har ikkje innspel til dei foreslåtte endringane.

### Til kapittel 4. Spesielle opptakskrav

UiO har ikkje innspel til dei foreslåtte endringane.

### Til kapittel 7. Rangering

#### § 7-2 Kvote for førstegongsvitnemål og ordinær kvote

##### *Matematikk R2*

UiO støttar forslaget om at elevar som har tatt matematikk S1, S2 og R2 innanfor normal tid i vidaregåande opplæring, kan konkurrere i kvote for førstegongsvitnemål. Samtidig meiner vi at krava til dokumentasjon i kvoten primært bør bli regulert gjennom reglane for føring av dokumentasjon i vidaregåande opplæring.



#### Universitetsdirektøren

Postadr.: Postboks 1072 Blindern, 0316 Oslo  
Kontoradr.: Lucy Smiths hus,  
Problemveien 7, 9. et., 0313 Oslo

Telefon: 22 85 82 00  
postmottak@admin.uio.no  
www.uio.no  
Org.nr.: 971 035 854

Det etablerte systemet for sakshandsaming med elektroniske vitnemål gjennom Nasjonal vitnemålsdatabase fremmer automatisk, effektiv og lik sakshandsaming. Den foreslåtte endringa medfører derimot meir manuell sakshandsaming, noko som går på tvers av ønsket i sektoren om automatisering og effektivisering. Vi ønskjer derfor at elevane skal kunne få elektronisk førstegongsvitnemål når dei har faga S1, S2 og R2.

#### *Yrkesfagleg vidaregåande opplæring*

UiO støttar forslaget om at søkjarar med yrkesfagleg opplæring kan konkurrere i kvote for førstegongsvitnemål med andre fag dei har tatt i tillegg til studiekompetansefaga, men vi ønskjer ikkje å støtte ordlyden i endringsforslaget slik han er formulert. Vi er av den oppfatninga at ordlyden vil kunne føre til fleire utfordringar og problemstillingar i sakshandsaminga, spesielt formuleringa «og som har fått utferda nytt vitnemål som gir generell studiekompetanse seinast eitt år etter fullført yrkesfagleg opplæring».

Det finst framleis søkjarar som dokumenterer generell studiekompetanse med yrkesfagleg vitnemål og kompetansebevis med fagkrava i tillegg. Sidan det i endringsforlaget er presisert at generell studiekompetanse skal dokumenterast med vitnemål, kan ein forstå det slik at desse søkjarane må få utferda nytt vitnemål med alle faga ført på for å kunne konkurrere i kvote for førstegongsvitnemål. Dette vil kunne føre til meirarbeid for søkjaren, den vidaregåande skulen og lærestadene.

Det er også utfordringar knytt til at vitnemålet må vere utferda seinast eitt år etter fullført yrkesfagleg opplæring. Av ulike grunnar kan vitnemål bli utferda på eit seinare tidspunkt, sjølv om krava er fullførte på normert tid. Det verkar urimeleg at det ikkje skal vere mogleg å få konkurrere i kvota berre fordi ein har fått utferda vitnemål på eit anna tidspunkt.

I tillegg finst det elevar som tar studiekompetansefaga innan eitt år, og andre fag i etterkant og som får ført alle faga dei har tatt innan to år på vitnemålet. For at desse elevane skal kunne konkurrere i kvote for førstegongsvitnemål, må dei få utferda eit vitnemål rett etter dei har greidd studiekompetansefaga. Det kan potensielt bli utfordrande å rettleie dei som dette gjeld innan det er for seint å få utferda korrekt dokumentasjon.

Det hadde vore langt enklare for søkjarane og lærestadene å handtere føresegna viss søkjaren kunne fått med alle tilleggsfag tatt i tidsrommet etter fullført yrkesfagleg løp og til og med det året søkjaren fyller 21 år i kvote for førstegongsvitnemål. Samtidig vil ei slik ordning bli urettferdig samanlikna med studieførebuande løp der søkjarane ikkje får med fag tatt i etterkant i kvoten, og dermed heller ikkje nødvendigvis ønskjeleg.

For å summere opp er vi av den oppfatninga at det også i dette tilfellet er best å endre reglane for føring av dokumentasjon i vidaregåande opplæring, på den måten at elevar i yrkesfaglege løp med

påbygging til generell studiekompetanse (Vg4) kan få utferda vitnemål med merknaden førstegongsvitnemål. Basert på utgreiinga over meiner vi at det er den løysinga som vil skape minst utfordringar for alle partar.

#### **§ 7-4 Poengberekning av søkjarar med meir enn eitt grunnlag for rangering**

UiO støttar endringsforslaget.

#### **§ 7-5 Karakterpoeng for søkjarar med 3-årig vidaregåande opplæring**

UiO støttar endringsforslaget.

#### **§§ 7-5 og 7-6 Karakterpoeng**

UiO støttar endringsforslaget.

#### **§ 7-7 Karakterforbetringar**

UiO støttar endringsforslaget dersom det i forskrift til opplæringslova er tatt høgd for at desse elevane kan få utferda førstegongsvitnemål to gonger.

Med hilsen

Arne Benjaminsen  
universitetsdirektør

Hanna Ekeli  
avdelingsdirektør

Dette dokumentet er godkjent elektronisk ved UiO og er derfor ikkje signert.

*Sakshandsamar: Kjersti Rusten*  
+4722844820, *kjersti.rusten@admin.uio.no*